

Viktig endring i eFaktura

Tenesta eFakturakunde gjer no ei endring for at det skal bli enklare for deg å betala rekningane dine. Ved å gi ein generell aksept kalla «Ja takk til alle» eller Alltid eFaktura vil du heretter kunne motta eFaktura frå første rekning frå kommunen og bedrifter som tilbyr eFaktura. Det betyr at du ikkje lenger må inn i nettbanken for å melda deg på mot dei enkelte bedriftene. Dette vil gjelde frå 1. desember 2021. Me oppmodar difor alle eFakturakunder til å inngå «Ja takk til alle»-avtale snarast mogleg.

Frå 15. mai 2022 må du som eFakturakunde gi ein generell aksept for eFaktura for å halde fram som eFaktura-bruker. Dette vert omtala som «Ja takk til alle» eller Alltid eFaktura, avhengig av kva bank eller betalingsapp du har. For å framleis kunne motta rekningar og faktura som eFaktura, er det viktig at du aksepterer «Ja takk til alle» i din nettbank eller betalingsapp. Dersom aksepten ikkje vert gjennomført før fristen, vil du ikkje lenger motta eFaktura etter 15. mai 2022.

Faktura på Vipps

Frå 1. desember vil kommunen også sende ut faktura på Vipps. Dersom du ikkje ynskjer faktura på Vipps, må du gå inn i appen din under «Profil» - «Regninger og eFaktura» og slå av «Vis regninger i Vipps». Kunder med eFaktura eller avtalegiro-avtale, vil ikkje få faktura på vipps.

Utdjuping rundt vask mot fødselsnumre/kundenumre

JTTA («Ja takk til alle») vaskar på fødselsnummer, mens JTTB («Ja takk til bestemte») vaskar mot kundenummer. Dermed har det vore mogleg å oppretta ein eFaktura-avtale på ein annan person sitt kundenummer i løysinga JTTB. Men JTTA vil vaska på fødselsnummer, så dermed vil ikkje dette vere mogleg etter 01.12.2021.

Døme:

Ein familie har eitt barn i barnehage. Far har registrert søknad og dermed blir han oppretta i Unit4 ERP som kunde og faktura vert knytt mot hans kundenummer. Men det er mor i huset som har inngått eFaktura på dette kundenummer. Ettersom JTTB kun vaskar på kundenummer, så har faktura på far sitt kundenummer blitt sendt til mor sine bankkontoar.

Etter 01.12.21 vil eFaktura kome til far dersom han har sagt JTTA, om ikkje vert den sendt i andre kanalar til han evtuelte papir/post. Dersom mor skal vere mottakar av eFaktura må ho registrerast som kunde i barnehagesystemet, og i Unit4 ERP.